



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Assistent - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Ledig vikariat som assistent/pedagogisk medarbeidar, frå 1.5.2019 til 6.9.2019.

### Arbeidsplass

Marihøna barnehage er ein to avdelings, kommunal barnehage som ligg sentralt på Frekhaug. Barnehagen har eit inkluderande miljø, som vektlegg høg kvalitet i omsorg, leik og læring.

Personalet i Marihøna består av engasjerte og omsorgsfulle vaksne som gjer seg god tid i samspel med barna. Samspelsmetoden ICDP er vår grunnleggjande plattform og utgangspunkt for vårt pedagogiske arbeid.

I Marihøna barnehage har vi høgt fagleg fokus og vi jobber aktivt med endrings- og utviklingsarbeid.

### Arbeidsoppgåver

Delta i det daglege arbeidet ved avdelinga

Ansvar for gjennomføring av målretta pedagogisk arbeide i barnehagen, saman med- eller veileda av pedagogisk personell.

Dokumentasjon

Bidra positivt til barns utvikling

### Kvalifikasjonskrav

Kvalifikasjonskrav

- Ingen utdanningskrav

- God omsorgsevne og erfaring med barn.

- Du må ha gode kommunikative evner og kunne uttrykkje deg godt på norsk.

Eigenskapar:

- Du er kreativ, omsorgsfull og engasjert i samspel med barna.

- Du trivast med å jobbe i team, men har også evna til å ta initiativ, arbeide sjølvstendig og ta ansvar for eigne oppgåvar.

- Du er positiv og har gode samarbeidsevner.

- Du er fleksibel og trives med utfordringer

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 07.04.2019

Utlyst dato 20.03.2019

Vårref

141/19

### Kontaktperson

Camilla Smith-Strøm, Tenestemrådeleiar/styrar Marihøna barnehage, tlf: 56171380, mobil: 93094048, camilla.smith-strom@m